



Johan Luis Mjøs
Svehaugane 6A
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2277 - 14/20414

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
09.09.2014

Førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 180/302 Lindås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 28.06.2014, samt separat søknad om dispensasjon frå byggegrensa langs kommunal veg 10.03.2014.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må sendast inn situasjonskart i målestokk 1:500 som syner heile det omsøkte tiltaket. Tiltaket må være målsett på situasjonskartet og vise avstand til nabogrenser, samt avstand til midten av kommunal veg. Siktlinjer må visast på situasjonskartet, og tiltaket må vere i tråd med gjeldande reglar for avkjørsler. Ta gjerne kontakt med Teknisk drift dersom de har spørsmål om kommunale krav til avkjørsler.
2. Eigedommen ligg i området for reguleringsplanen «Kolås 1». Punkt 2 i reguleringsføresegnene lyder:

«Feltet kan byggjast ut med frittliggjande einebustader og bustader i rekkje- og kjedehus. Samla utnyttingsgrad for planområdet: 0,1.»

Samla utnyttingsgrad for planområdet er overskriden, og såleis er tiltaket ikkje i samsvar med plan. Det må søkast om dispensasjon frå reguleringsplanen og naboane må varslast på nytt, jf. pbl § 19-2.

3. Kommunen har motteke merknad frå nabo av eigdommen gbnr 108/113. Vi kan ikkje sjå at denne er vedlagt søknaden. Vi sender denne vidare til tiltakshavar til orientering og for eventuell kommentar.
4. Tiltaket ligg nærmare offentleg vass- og avløpsleidning enn 4 meter, og vi kan ikkje sjå å ha motteke informasjon om dette. Dette forholdet krev løyve etter gjeldande VA norm for Lindås kommune.



5. Det må sendast inn lengdesnitt som syner høgde på alle murar og leveggar - og desse i samanheng med kommunal veg - samt avstand frå vegkant.
6. Det må sendast inn fasadeteikningar som syner eksisterande situasjon, og fasadeteikningar kor det tydeleg går fram kva som er nytt, samt høgder på alt det søkast om.
7. Vi vil også gjere tiltakshavar merksam på punkt 4 i reguleringsplanen:

«Det må setjast av plass til ein garasje og 1,5 parkeringsplass pr. husvære.»

Det er også eit føremon at ein skal kunne snu bilar på eigen grunn. Det må visast at desse krava let seg gjennomføre. I motsett fall må det søkast om dispensasjon frå dette, jf. pbl. § 19-2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 15.10.2014**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Nabovarsel
20140903122542704